Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing. fakter, åtferd

Oppskr. av: Arne Sädal

(adresse): Kyrksæterøra

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Hemne

Bygdelag: Sør-Hemne

Gard: Kvelbro

G.nr. 111 Br.nr. 7-8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Når ein ikkje seier „ja eller nei", nøgjer ein seg med eit nikk for „ja" og med å rista på hovudet for nei. Dette er helst til kjende og når ein har det travelt eller av annan grunn sparer røysta. Er mykje nytta til ungane. Og di meir det gjeld, di ivrigare nikkar ein eller rister på hovudet. Ein kan og nytta handa - slå frå seg eller vinka til seg.

2. I gamal tid var det vanleg å helsa på alle ein møtte, og er det gjerne enno i meir avsides grender, der det ferdast mest berre grendefolk. Men der det er noko meir trafikk og det ferdast meir folk både av kjende og framande, der er det no slutt med å helsa på alle ein møter — som t.d. netpå „Øra" (Kyrksæterøra). Men kjende helsar ein vanleg på der og.

3. Vei ikkje noko visst med det til vanleg mellom vaksne og noko lunde jambyrdige. Men møtte ein t.d.

7471

presten eller ein annan „storkar", så skulle han helst sleppa vera den første. Likeeins skulle borna helsa først.

4. Var-skylde og langframande helsa ein „oppi handa": godag" – og gjerne la ein til: „å takk for sist" – og med eit fast og varmt trykk. Borna skulle bukka (eller neia). I seinare tid har mange lagt på nymåten – med å rista handa mange gonger, men det er enno ikkje vanleg mellom eldre. Og slett ikkje nokor „klining" eller „forfall" lyfte ein før alltid av seg huva eller hatten for slike som prest og lensmann. Det blir det ikkje no lenger leke så høgtideleg med. Den gamle respekten for slike held på åg duftar bort. Til lettare helsing, folk ein møter tidt eller er mindre kjend med, seier ein „godag", i seinare tid ofte „gomårn" (til alle døgrets tider).

5. For prest og lensmann o.l. var det før vanleg at alle mannfolk tok av seg hatten, men ikkje om dei helsa på andre, og det gjeld stort sett framleis. Berre med den skilnad at ein no ikkje alltid gjer seg så føre med stor-folket. Til andre er det heller ikkje no vis å lyfta på hatten.

6. Ikkje brukt her.

7. Kanskje kan det bli gjort seg meir føre med helsinga når ein er i finkleda, men ikkje så at det er nokon viss regel med det.

8. Når det var langframande eller skyldfolk ein ikkje hadde råka på lenge, og ein

7471

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

gjorde da ingen skilnad på born og vaksne.
9. Ikkje at det har vore vanleg skikk, men ein og annan kallen kan ha for vane å klappa den han talar med på aksla – for å syna seg vensleg og kamvatsleg.
10. Veit ikkje av det.
11. Det er vanleg å stogga på med fylgjet fer forbi. Trur knapt det har vore vis å ta av hatten.
12. Nei.
13. „Gomårro" var lite og inkje brukt i gamal tid. Det var „godåg" så lenge dagen rokk, og seinare „gokvelt" og „gonatt" når ein la seg. Det siste har elles ikkje vore vanleg brukt, berre til framande og folk ein gjorde seg meir føre med – og somtid til borna.
I siste tid har folk byrja ta etter by-folket med å seia „gomårn" eller „mårn" i tide og utide, både seint og tidleg, når dei kjem og når dei går. Men helst blir det da brukt om morgonen. „Go middåg" kan ein og høyra no, når t. d. verkstadarbeidarar skilst til middag. Men på gardane ikkje brukt. „God affen" eller „efta" ikkje brukt av bygdefolket.
14. Nei, ikkje nett det.
15. Nei
16. Det er helst ein og annan ungdomen som har vore i byen eitkvart, som har byrja med „mårn". Ein kan vel seia at stort sett held folk seg enno til den gamle helsingsmåten.
17. „Sæyn arbeio", „sæyn kvilo", „sæyn måten",

7471



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„seyn strevo" og „seyn låjo" er framleis dit vanlege her. Somme gjer seg meir føre og seier „velseyn —" „Guds fred" ikkje brukt her.

18. Ikkje så eg veit.

19. Jau, sjølvsagt helsar han på dei som er inne og.

20. Ein bed han da til sida, seier t. d: „Eg må få tala eit par ord med deg", eller „Eg skoll ha snakka med deg på tomanns-hand." Og helst går ein da uton dåra eller i eit anna rom.

21. I gamal tid var det aldri brukt å kakka på. Men no tek dit til å bli nykje vanleg, om no slett ikkje alle gjer dit enno.

22. „Versågō", eller „Kåmm." „Ja" seier og somme. Han som kjem inn skal da helsa og te seg høvisk.

23. Han bør helst bli ståande nede ved dåra til han blir boden plass.

24. Han skal ta av seg hūva straks han kjem inn. Ikkje å gjera dit er skam.

25. „Sjåt du får sett", „du må frampå å sett", „Sjåt å finn da 'n stōl", „frampå beint'n å sett" eller berre „sett da".

26. Meir sjeldne framande gjorde ein seg meir føre med, reiste seg og gjekk dei til møtes og baud dei sate.

27. På vanleg vis, men la gjerne til: „e de framonst fått ut å ferd" eller: „e de langvarsies fått", „kor e deim mann ifrå da", „a kuu iti de Gimmr da hebb a."

28. Det kom vel an på kor han såg ut.

29. Ein tok dei gjerne i hand og ynskte 7471

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dei velkomne: „De va rettele artekt at du villa gjå hit;" „Du kan iti trū kor glā du jer mo;" „Einm så artekt de vā å få gjå da her lell;" „Nei no trū e mest iti dūo min lell;" Do vā mākaloust jillt at dū villa gjå om åss;" „e trudd iti e skoll få opplevva å gjå dā her lell;" (når det er ein svært sjeldsynt gjest).

30. „Farvell;" „gokvell;" „takk før me da;" „di må ha de så bra da;" „di må stā dåkk bra da;" I seinare tid er det vorte svært vanleg med „adjö." Ein svarar da gjerne med same helsinga.

31. a. Ikkje noko visst. T. d.: „di får levva så vel da;" „di får ha de så bra da;" „takk før alt da."

b. „Ja no gjer vi vet iti kvarannner meir;" „di får ha takk før alt da, å levva så vel alle sāmen."

32. Nei

34. „Fē monn;" kan vel bli sagt.

35. Nei

37. Nei

38. Er ikkje brukt.

39. Jaū, å „lytt nāso" kan vi her og — med born.

40. Helst berre foreldre og sösken.

41. Jaū, det er brukt, og ein kallar det å „tā nāsin." Gjer det på vanleg måte.

42. Jaū det er brukt — med borna, og det heiter „å jē mjūkkjēk." „Gökjēk" kan og bli sagt.

43. Helst berre mellom foreldre og born, kan og bli gjort mellom born og andre vaksne.

44. „Tē lökk me jūlin, (me dāja, me nȳktēo, me māja, me nȳstūån, o. l.). „Lökksam reis," kan bli sagt. „Lökk på reiso;" likeins.

7471

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7471

45. „Gō jūl“. „gått nyår“. „gō påsk“. „gō sammar“.
Ved barnsöl, trulovinq og brudlaup er
det vanleg med å „gratulēr“.
46. Inkje visst i gamal tid. I seinare
tid er det vorte meir og meir vanleg
å „kondolēr“.
47. Med å seia takk.
48. Ein plar no seia at t.d. presten
skal tā ūt liko,“ og det spörst om
ikkje dette ta er ein rest av takka. „Sōng
ūt liko,“ blir og sagt.
49. På ömse måtar. Med å snösa i nasen,
blåsa snivörtsleg, gjera trūt, lata
som ein korkje ser eller höyrer vedkomande,
skapa seg som ein er svært redd han,
eller klappa seg bak. (Det siste er det
visst omlag slutt med mellom vaksne)
50. Gamalt sa folk „du“ til alle, kva
stand og stilling dei var av. Men alle
som no vil ha litt vett på det seier
„De“ til storfolk og gjerne og til heilt
framande. Men få og ingen er heilt konse-
kvente her. Og det vanlege bygdefolket
seier enno „De“ berre til dei kondi-
sjonerte og til slike dei trur er
retteleg „storkar“, og ikkje alltid da
heller. „I“ og „Jer“ ikkje brukt.
51. „Nei.“

Sivert Rabbo (i Jōvassdalen, på grensa
mot Orkdal), f. i 1853, kunne somtid
seia „gott mot“ når han mötte einkvan,
men elles er det ukjent her.

Gjertrud Stölen, 90 år, kan minnast
å ha höyrt gamalt folk seia „Gusignn de“,
når nokon takka for ei gåve. Det

7471

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

same har eg höyrt gamalt folk i Stangvik fortelja at dei høyrde i sin ungdom. der.

Det er gamal skikk her – og er det mykje enno og – å fylgja med utom döra, når framande dreg bort. Fylgja med ut på dörstokken og stå der og prata litt med den som skal gå. Serleg må ein passa på det om det er ein kjøt og vyrd gjest. Enn mange har enno dette til fast regel, helst kvinnfolka.

Hemne i januar 1953

Arne Sødal

7471

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING